



Blank sjø, blå himmel og ikkje nedbør. Slik var mars også i vår bygd

**Ein knuskturr mars måned utløyer avisoppslag over store delar av landet og Uskedalen er ikkje noko unntak.**

**På Korsnes har det kome berre 12,2 millimeter nedbør denne månaden og mars har hatt 27 av 31 dagar utan regn. På dei 4 regnversdagane kom det også svært lite regn på 3 dagar, medan det vart notert 9,8 millimeter i nedbørmålaren den 2. mars. Sidan 5. mars har det ikkje regna her.**

Det har kome mindre nedbør her i bygda enn i Bergen der dei har notert 17,9 millimeter og det er ei tiandedel av det normale. Og ein må heilt attende til 1865 for å finna så turt ver i mars i byen som har eit så regnfylt rykte.

Middeltemperaturen i Uskedalen var berre 1,1 grad pluss etter ein topp på 8,1 den 16. mars. Kaldaste dagen var 11. mars med 6,1 grad

Tekst og foto: Ola Matti Mathisen